



Program

2011-2015



Gje stemma di til SAMFUNNDEMOKRATANE - SD

Å sitje heime på valdagen er å gje ei stemme til den politikken du likar minst!



Føremål

Partiet Samfunnsdemokratane er grunnlagt på kristne/humanistiske verdiar, og har som mål å ta vare på Noreg som eit fritt, sjølvstendig og fleirkulturelt samfunn. Heile landet skal takast i bruk til busetnad og verdiskaping gjennom godt utbygd infrastruktur som skal sikre like høve til utvikling i heile landet.

Samfunnsdemokratane er plassert til sentrum/ venstre og tufta på eit samfunn med blandingsøkonomi - ein balanse mellom privat næringsliv og tilrettelegging frå det offentlege.

Kjerneverdier

Samfunnsdemokratane legg vekt på å opptre ærleg, redeleg og påliteleg. Fokuset skal vere på våre eigne løysingar og vi ønskjer å bidra til positiv, skapande og løysingsorientert utvikling lokalt, regionalt, globalt.

Samfunnsdemokratane representerer eit nytt alternativ i norsk politikk der tryggleik og menneska skal setjast i sentrum.

Samfunnsdemokratane vil ha lys i husa og ønskjer å ta heile landet i bruk. Utbygging av teneleg infrastruktur er viktig for å motverke sentralisering og utarming. Varme hender og kloke hovud finst i heile Norge.

Vi skal arbeide for løysingar som gjer at folk over heile landet kan kjenne seg trygge for liv og helse. Gode oppvekstvilkår, auka ressursar til politi og helsevesenet er viktige hjertesaker for Samfunnsdemokratane.

Vi skal og arbeide for at verdiane i større grad enn i dag vert verande der dei vert skapte. Vi ønskjer sterkt lokalt eigarskap til energiressursar og utbygging av fornybare ressursar.

Fanesaker

- Einaste garantisten for fullverdige helsetenester i heile landet
- Motverke sentralisering
- Rettferdig fordeling av verdiskapinga



Samfunnsdemokratane

Gje stemma di til SAMFUNNDEMOKRATANE - SD

Å sitje heime på valdagen er å gje ei stemme til den politikken du likar minst!

SD = Einaste garantisten for fullverdige helsetenester i heile landet.

- Vi vil oppretthalde lokalsjukehus med fødeavdelingar og akuttberedskap, og elles fordele spesialisthelsetenesta til beste for folket
- Vi vil at lokalsjukehusa skal tildelast utvalde spesialfunksjonar. Dei vil då støtte krav til kvalifisering av turnuskandidatar
- Vi vil arbeide for ein ny økonomisk fordeling i helsesektoren som tek høgde for lokale tilhøve
- Vi vil utvide refusjon for alternativ behandling, både for å styrkje sjølvråderetten over eiga helse, og frigjere kapasitet i den tradisjonelle behandlinga
- Vi ønskjer klare ansvarslinjer med pasienten i sentrum
- Rus og psykiatribehandling og samhandlingsreforma må få nødvendige ressursar
- Mat som medisin

SD = Motverke sentralisering fordi sentralisering er ansvarsfråskrivande.

Legge forholda til rette så det er like levevilkår i heile landet. også i grisgrendte strøk i distrikta.

- Ved å sikre varer og tenester der folk bur, og hente ut muleg verdiskaping
- Få lys i husa over heile landet ved å byggje nødvendig infrastruktur
- Byggje Stadt skipstunnel
- Ferjefri E-39 med bru Anda-Lote innan 2020
- Ferdigstilling av fylkesveg 60
- Ferdigstilling Kystvegen
- Ruste opp eksisterande vegnett langs E39 med internasjonal standard (8,5m)
- Vidareutvikle rutetilbodet på kortbanenettet
- Oppretthalde eit desentralisert tilbod i skule og barnehage

SD = Rettferdig fordeling av verdiskapinga

- Nasjonale naturressursar skal kome heile landet til gode
- Jordvern med tanke på mat og miljø
- Verdiskapinga må brukast til å vidareutvikle lokalsamfunna
- Rettferdig fordeling må gjere det muleg å drive verdiskaping både i sentrum og distrikt
- Folk må få bruke det dei har av arbeidsevne i staden for å bli dytta ut av arbeidslivet

AVBYRÅKRATISERING

- Ta makta tilbake til kommune og fylkesnivå
- Redusere skjemaveldet



Samfunnsdemokratane

- Vri fokus frå kontroll til verdiskaping og tenesteyting
- Gjere kvardagen enklare for folk flest
- Samanslåing og sentralisering krev meir byråkrati

BUSETNAD

- Lys i husa
- Etableringsbustader/Gjennomgangsbustader
 - Det må byggast bustader som er økonomisk tilgjengelege for unge og nyetablerte. I tillegg trengst det bustader som inneheld gjennomgangsleiligheiter både for tilflyttarar og eldre som ikkje lenger vil sitje som eigarar av einebustadar. Her kan det og leggst til rette for omsorgsbustader med tilsyn. Det bør være omsorgsbustader også i sentrum slik at det ikkje vert ei samling av eldrebustader rundt institusjonar.
 - Tilrettelegging av tomter, private og til næring. Byggefelt må klargjerast slik at tilflyttarar og nye familiar får tilbod om tomter som er byggeklare på kort varsel.
 - Strandsone; vi vil ha liv i fjæra, sikre tilgong for ålmenta og legge betre til rette for reiselivet.
- Eigedomsskatt
 - Berre for bedrifter som ikkje har hovudkontor i kommunen
 - Energiproduksjon

DEMOKRATI

- Ta vare på det folkelege initiativet
- Ha eit ope demokrati – styrke kontakten mellom veljarar og politikarar

ENERGI

- Legge til rette for god utnytting av dei ressursar vi har
 - Olje og gass, vindkraft, småkraft og vasskraft
- Syte for at vi er sjølvforsynte med energi før vi eksporterer (og må importere dyr og lite miljøvennlig kraft frå utlandet når det er for lite att her)
- Lik pris på straumforsyninga til abonnentar i heile landet. Avvikle eksisterande prissoner.



Samfunnsdemokratane

- Bærekraftig bruk av naturressursane med avbøtande tiltak for negative utbyggingskonsekvensar
- Auka bruk av Jordvarme/Fjordvarme/Varmepumpe
- Modernisering av eksisterande kraftverk er ein stor u-utnytta ressurs som kan gje eit stort tilskot til kraftproduksjonen innanlands.
- Skattlegging av småkraftverk må leggest om, slik at det vert mogleg for desse å drive lønnsamt basert på den produksjonen som elva gjev og ikkje slik som i dag då kraftverka vert drivne etter skattereglane
- Lokalt eigarskap av lokale kraftstasjonar
 - Gloppen kommune skal fortsette som eigar av kraftstasjonane i kommunen

FISKERI

- Kystoffensiv
- Ta vare på dei lokale fiskarane som ein forvaltar av verdiar.
- Syte for at kystfiskarane med mindre båtar og utstyr har ei framtid.
 - Sjå til at den øvre grensa på størrelse på båtane i kystfisket blir halden, og ha ei regulering av uttaket av fisk etter ressursmåling.
- Kvotefordeling
 - Unngå at nokre få, og store aktørar kjøper opp mesteparten av kvotene. La det vere muleg også for mindre reiarlag og båt eigarar å få tak i kvoter. Samtidig må kvotene vere så store at det blir skikkelege inntekter av det og dermed føre til auka interesse og rekruttering i yrket.
- Rekrutteringskvotar
 - Det offentlige bør ha ein del fiskekvoter til utlån/leige for at nye aktørar skal få ein sjanse til å komme inn på marknaden.
- Strukturering
- Staten bør ha ei overordna styring av inntekter/utgifter. Regulering i form av tilskot etc. for å balansere næringa, og for å få opp lønnsomheta.
- Vurdering av avgiftsnivået.
- Arbeidsforhold



Samfunnsdemokratane

- Vi vil jobbe for at fiskarane får same rettar og plikter som andre arbeidstakarar i høve sjuke- og arbeidsløyseytingar frå det offentlege.
- Sjå til at arbeidsforholda om bord blir kontrollerte, på same vis som på land.
- Gjere det enklare å få omskulering/etterutdanningsordningar for dei som ikkje klarar jobben lenger pga slitasje, sjukdom eller skade. I det lengste unngå uføretrygd.

FORSVAR

- Norge skal ha eit sterkt forsvar tilrettelagt for å verje landet og ressursane våre.

HELSE

- Mat som Medisin Næringsrikt og rett samansett kosthald kan vere med på å førebygge og behandle sjukdom og lidingar, og avgrense livsstilsjukdomar.
- Organisering av helsetenestene: Vi vil arbeide for å redusere byråkratiet som er aukande også i helsesektoren. Dette fører til at ein større og større del av kostnadane pr. pasient går til "ikkje –behandlande" formål.
- Innføre "føle deg vel" – "wellness" utdanning i Sogn og Fjordane
- Legge betre til rette for 100 % stillingar. Det viser seg at det ikkje er vanskeleg å få turnusar til å fungere med flest mulig heile stillingar i pleie og omsorg.
- Auka grunnbemanning i avdelingane innan pleie og omsorg. Dette fører til mindre sjukemeldingar og på sikt mindre bruk av vikarar og betre stabilitet i personalgruppa. Dette gjev betre rekruttering og auka status.
- Auka bruk av refusjon på alternativ behandling.
- Brukarstyrt personleg assistanse (BPA) for eit verdig liv.
- Muligheit for dobbeltrom på sjukeheim/omsorgsbolig. Ikkje alle ynskjer å bu åleine, ektepar etc.
- Førebyggande arbeid er samfunnsøkonomisk lønsamt innanfor alle områder.
- Bruke Krisesenteret som ein medspelar til å motverke vold mot born og vaksne
- Sjukehussaka
 - Avvikling av helseføretaksmodellen og tilbakeføring av sjukehusa til folkevalgd styring
 - Lokal styring av lokalsjukehusa. Lokal leiging sikrar rekruttering.



Samfunnsdemokratane

- Same tilbod i høve akuttmedisin same kvar ein bur i landet. Må tenkje på kva slags tilkomst den einskilde har. Vegar, ferjer mm dvs. Reisetid.
- Helsesenter
 - Bygge nytt eller leige? På lang sikt vil det løne seg for kommunen å vere eigar av bygningsmassen.
- Bufellesskap
 - Fleire bufellesskap for psykisk utviklingshemma. Ikkje alle trivst med å bu åleine, einsemda er aukande. Større miljø for personalet som no jobbar mykje åleine.
 - Bufellesskap for brukarar med store fysiske handikap. Tilrettelagde bustader som ligg samla slik at ein kan nytte seg av felles hjelparar som er tilgjengeleg etter behov.
- Dagtilbod for eldre
 - Kommunane sparar lite ved å fjerne desse. Det er eit svært viktig tilbod for mange brukarar. Sosiale behov er og ein del av det grunnleggande for fysisk og psykisk helse.
- Mat
 - Viktig med fersk mat. Lokale kjøkken ved sjukehus/sjukeheimar. Diett mat må lagast nær pasienten.
 - Deltaking. Viktig å kunne smørje skiva si sjølv.
 - Mat er viktig for god livskvalitet.
 - Arbeide for å minke matavfallet
- Legesituasjonen
 - Fleire faste stillingar er rimelegare enn å ha dyre vikarlegar ofte.
- Psykisk helse
 - Like viktig som fysisk helse. Syte for den enkelte sin rett til individuell behandling vert ivareteken.
 - Kommunen må knyte til seg nødvendig kompetanse.
- Rus
 - Aukande problem. Interkommunalt samarbeid for å nytte seg av eksisterande ekspertise.
 - Auka fokus på langing til mindreårige
 - Følgje opp pårørande til rusavhengige



Samfunnsdemokratane

- Tannbehandling
 - Refusjonsordning på lik linje med andre helsetenester med eigenandel.
- Kvalitetsforskrifta
 - Helse og omsorgstenestene må ta utgangspunkt i kvalitetsforskrifta. Her er minstekrav til kvaliteten på tenestene som skal ytast lokalt. Gjennom denne får ein fram kva som dannar grunnlaget for reelle kostnader innanfor helse og kva kvalitetsnivå tenestene skal ligge på.

IDRETT

- Støtte opp om mangfaldet i idretten.
- Viktig å ha eit allsidig tilbod for born og ungdom tilgjengeleg for alle uavhengig av føresette sin økonomi

INDUSTRI

- Det er viktig å ha eit offentleg støtteapparat som gjev tilskot til både etableringar og investeringar i driftsmateriell og bygningar.
- Det bør vere lokale næringsfond som kan evaluere bruken av midlar.

INNVANDRING

- Arbeidsinnvandring, minstekrav å lære norsk.
- I dag har arbeidsinnvandrara ikkje rett til gratis norskopplæring i offentleg regi. Det er svært viktig at arbeidsinnvandrara og deira familie får tilbod om offentleg opplæring i norsk språk og kultur. Dette vil lette integrering og gjere det lettare for familiane å bli integrerte i lokalsamfunnet.
- Ein meir barnevennleg asylpolitikk. Borna sitt beste må kome først, avgjerder om asyl må handsamast raskt.

KULTUR OG FRITID

- Frivillig arbeid skal vere skattefritt
- Friluftsliv for alle også handikappa.
- Sport – treningskontakt
- Snakkegruppe barn/ungdom/vaksne/eldre



Samfunnsdemokratane

TRIVSEL

- Styrkje lokalt sjølvstyre.
- Fritidspolitkar – å vere bindeleddet mellom lokal fornuft og velferdsansvaret
- Gode kulturtilbod er ein god integreringsarena

KYRKJE OG RELIGION

- Ta vare på den kulturelle skatten som religionen representerer både ved å ta vare på, og legge til rette for bruk av lokalitetar og utøving av tru.

LIKESTILLING

- Følgje opp HVPU-reforma med inkludering av funksjonshemma i arbeidslivet gjennom fleire NAV tiltaksplassar i kommunane
- Oppmuntre til utradisjonelle yrkesval
- Sesjon for alle

LANDBRUK

- Kortreist mat i butikkane/kjedane
- Satse på husdyrhald med fokus på dyrehelse og etikk
- Lokale slakteri, ettersom det vert lenger og lenger mellom slakteria som er eigd av private og samvirkeorganisasjonane.
- Auka produksjon av sau, geit og fisk
- Meir forskning og satsing på oppdrett av kvitfisk
- **Buplikt**, eller selje hus med gard
 - Strengare handheving av buplikta. Det går an å gjere anna enn å dyrke gras på små og mellomstore bruk rundt om i landet. Sjå til Tyskland, Austerrike og Sveits kva som skjer på landsbygda der.
- Gjennom gode virkemiddelapparat kan det stimulerast til alternativ verksemd der gardsbruket i tradisjonell forstand ikkje gjev nok inntektsgrunnlag.
- Jordvern i eit miljø og mat-perspektiv.
- Kulturminnevern som jordvern.



Samfunnsdemokratane

MILJØ

- Utvikle kompetanse for å forstå, forvalte og vidareutvikle natur- og kulturlandskapet for bærekraftig bruk.
- Ta vare på lokalt eigarskap på vatnet.
- Byggje opp vassreservane i magasinane sakte og sikkert for å unngå å importere straum frå utanlandske kol, olje, gass og atomkraftverk.
- Forny bilparken. Mindre trafikkfarleg og meir miljøvennlig
- Meir strøing og mindre salting av vegane, med tanke på fare for grunnvatnet og trafikkfaren ved rust på bilane.
- Legge vekt på det samfunnsøkonomiske rekneskapet.
- Redusere avfall og oppfordre til gjenbruk.
- Ta vare på biologisk mangfald gjennom eit bærekraftig jordbruk og distriktsutvikling.
- Vi vil ta vare på mattradisjonar og mangfald i kornslag, buskap og matvareprodukt.
- Legge til rette for bygging av miljøvennlege hus som krev lite energi og som utnyttar fornybar energi til oppvarming; varmepumpe, solcellepanel, solfangar etc. Legge om innretninga på støttenivået slik at folk med vanlege inntekter har høve til å bygge slike hus.

NÆRING

- Legge til rette for eit offensivt, nytenkjande næringsliv med gründerånd og lokalt eigarskap
- Frå jord til bord- og fjord til bord satsing.
- Vidareutvikle Innovasjon Norge slik at det også vert høve til å gje tilskot til investering i industribygg og andre næringslokale.
- BU-midlar
 - Sikre tilstrekkelege løyvingar til at lokale tiltak kan setjast ut i livet
 - Risikolån. Det offentlege må stille risikokapital til rådvelde for nyetablerarar og til vidareutvikling av eksisterande verksemd.
- Etableringsstøtte, med vidare oppfølging. Det må etablerast fortuseielege og stabile vilkår for nyetablerarar, med enklare regelverk.
- Ta i bruk oljepengane for å bygge landet og hjelpe dei som vil skape noko framover i staden for å plassere desse i utanlandske føretak og aksjar.



Samfunnsdemokratane

OPPVEKST

- Bruke barnetrygda som ein sosial utjamning- og integrerings-faktor. Behovsprøving med tak på familieinntekt på 10 G.
- Indeksregulere barnetrygda og jamne ut etterslepet.
- Barnehage og skule med fokus på ernæring og fysisk aktivitet.
- Statusen til barnevernet må hevast. Gjennom samarbeid med andre aktørar på kommune/ fylkes- og statleg plan til barnas beste. Og gjennom tilpassa kompetanse, lokalisering, synleggjering i kvar kommune.

REISELIV

- Strategisk satsing på reiseliv som eit felles satsingsområde for næring og handel.
- Pakkereiser
- Kystpilegrimen, kopla mot dei andre Pilegrimsmåla i eit nettverk (Nidaros).
- Betre sanitærtilhøve for turistar og andre reisande
- Vidareutvikle gjestebrygger

SAMFERDSLE

- Samfunnsdemokratane vil arbeide for at det skal kunne bu folk i heile landet. Dette skal sikrast ved at offentlege tenester er tilgjengelege der folk bur.
- Vegar og farleier med skikkeleg standard er svært viktig for næringsliv og trafikktryggleik både på land og sjø.
- Standarden på deler av vegnettet syner år med dårleg vedlikehald, midlar til vedlikehald må styrkjast, samstundes som nye utbyggingar skjer på heile strekningar, ikkje stykkevis og delt.
- Prioritere utbygging av infrastruktur som utløyser felles bu- og arbeidsregionar.
- Fortsetje utbygging av gang- og sykkelvegar.
- Realisere Stadt skipstunnel.
- Redusere salting ved å auke sanding med knust, tunnelmasse etter veg og energi utbygging. Oppvarma ved strøing.
- Gang og sykkelvegar
 - Bygge ut gang og sykkelvegar slik at det vert lagt til rette for bruk av sykkel til og frå arbeid, skule og fritidsaktivitetar.



Samfunnsdemokratane

- Lokale bussruter
 - Etablere lokale bussruter med mindre bussar som går ofte, slik at born og eldre kan kome seg til og frå både kommunale tenester og fritidsaktivitetar.

SKATTAR OG AVGIFTER

- Kommunale avgifter som står til oppgåveløysinga.
- Skatt på avkastning, ta vekk dobbelbeskatning på utbytte.
- Arveavgift.
- Eigedomsskatt
 - Småkraftverka vert i dag skattlagde etter byggekostnad. Dette bør leggast om slik at skattegrunnlaget vert basert på takst etter at utbygginga er ferdig i kombinasjon med installert effekt.

SKULE/UTDANNING

Gjennom haldning og handling skape tillit og godt omdøme

- Auka fokus på helse- og ernæringsfag, utvikle Frisksenter.
- Tilpassa opplæring, likestilling i tilbodet.
- Oppfordre til val av utradisjonelle fag.
- Offentleggjering av testresultat i skulen.
- Motverke fråfallet i vidaregåande skule ved å sikre læreplassar til elevane på yrkesfaglege linjer og ved å setje inn tiltak for å motverke fråfallet som til dømes auka lese og skriveopplæring og sommarskule
- Meir fokus på rådgjevingstenestene.
- Kontinuitet i vidaregåande utdanning. La dei einskilde tilboda vere varige på dei stadane som er utpeika.
- Sikre trygg og mobbefri skuleskyss og avgrense reiselengda for dei minste elevane.
- Tilpassa kompetanse i samsvar med næringslivet og det offentlege sine behov.
- Byggje Forskings- og utviklingsmiljø i tilknytning til næringslivet sine lokaliseringar.



Samfunnsdemokratane

- Etablere ein arbeidsbank av ledig kompetanse. Nytte sjukmelde og uføre si restarbeidsevne.

SOSIALE TENESTER

- Arbeid må løne seg.
- Tilpassa arbeid, ikkje bortfall av trygd ved ekstra arbeidsinnsats.
- Legge vekt på samfunnsmessig gevinst.
- Nav
 - Eit uoversiktleg system for brukarane, vanskeleg for dei som verkeleg treng å få hjelp. Det er lagt opp til at brukarane skal ordne det meste sjølv.
- Auke kompetansen på tenesteytar. Syte for at det fins personale som kan yte direkte hjelp til brukarane.
- Bør fungere slik at det løner seg å jobbe for dei som kan.
- Forenkle godtgjersle for reiser til og frå sjukehus. Mange eldre får ikkje den refusjonen dei har krav på fordi dei ikkje får hjelp til å fylle ut reiserekning. Dette må automatiserast slik at rett til dekking av reiseutgifter vert refundert til alle som har krav på det.
- Barnetrygd
 - Bør indeksregulerast frå då indeksreguleringa vart stoppa og fram til i dag. Foreldre med inntekt over eit gitt nivå, eks. brutto familieinntekt tilsvarande 10 G, får ikkje barnetrygd. Inntektsnivået skal indeksregulerast i samsvar med konsumprisindeksen. Dette vil vere eit effektivt hjelpemiddel til å hindre fattigdom blant småbarnsfamiliar.
- Barnevern
 - Auka status som medarbeidar til barnet sitt beste
 - Tilby foreldrekurs a la Pridekurs (kurs til fosterforeldre) til alle foreldre.
 - Samlokalisere med helsestasjon
 - Styrke rettleiing for foreldre og fosterforeldre.
 - Handlingsplan for kompetanseheving og rekruttering.
- Pensjonsordning
 - Ny utrekningsformel- kven tener på det? Pensjonsgrunnlaget blir no utrekna over fleire yrkesaktive år. Mange som ikkje har vore yrkesaktive på full tid nesten heile sitt vaksne liv vil tape på det. Bør revurderast.
- Fattigdom



Samfunnsdemokratane

- Vi vil jobbe for å utjamne skiljet mellom rike og fattige i Norge ved hjelp av barnetrygd, skattenivå og sosiale ytingar
- Stadig fleire unge kjem i økonomisk uføre på grunn av lettvinde låneløysingar der ein kan etablere gjeld med få tastetrykk utan at betalingsevne vert kartlagt.
- Det må leggest vekt på at alle tilbod i skulen skal vere gratis.
- Inkassoregelverk
 - Reglar for påslag i samband med inkasso må endrast slik at det ikkje skal vere eit attraktivt forretningsområde å kjøpe opp gjeld og forfølge gjeldsoffer.
 - Lån utan sikkerheit skal vere ulovleg
- Utvide låneramma i Lånekassa, og gå imot privatisering av Lånekassa.

UTANRIKSPOLITIKK

EU – EØS

- Samfunnsdemokratane er imot EU-medlemskap.
- Sikre lokalt eigarskap ved reforhandling av EØS-avtale.
- Unngå å lage European Orphans, foreldreause i andre Europeiske land (og elles).

BISTAND

- Hjelp til sjølvhjelp. "Gje ein mann ein fisk, og han har mat ein dag, lær ein mann å fiske og han har mat heile livet".
- Meir feminin kraft i politikk og styrer innan næringsliv og lokal/ regional utvikling.
- Utdanning til jenter og kvinner i U-land er ein effektiv reiskap i målet om å oppnå fred.
- Mål at 15% av bistanden går til utdanning.
- Etablering og støtte til verksemder må følgje etiske prinsipp.

SENIORPOLITIKK

- Vi vil fjerne samordning i pensjon
- Geriatri-tilbod i alle kommunar "Gløym ikkje dei som sjølv gløymer"
- Støtte etablering av masterstudium innan samhandling lagt til Høgskulen i Sogn og Fjordane



Samfunnsdemokratane

- Gjennomføre rekrutteringstiltak til utdanning innan pleie og omsorg
- Gjennomføre reell omsorg i staden for stoppklokkeomsorg
- Pensjonistar med folketrygdpensjon må sikrast ei inntektsutvikling på linje med yrkesaktive